



## Utviklingsavtale for Høgskulen i Volda 2023-2026

Versjon pr. mai 2022

### 1. Sektormål og utviklingsavtalar

[Generell tekst for alle institusjonar, jfr rammeverket]

### 2. Utviklingsavtale for Høgskulen i Volda 2023 – 2026

#### *Mål 1: Eit godt og engasjerande læringsmiljø*

Høgskulen i Volda vil i perioden legge til rette for studentmedverknad og utfordre studentane gjennom studentaktive arbeidsmåtar. Studentar og tilsette skal utvikle relevant digital kompetanse. Vi skal ha eit læringsmiljø der alle kjenner seg inkludert, og utdanningane våre skal gi mangfaldskompetanse.

##### *Styringsparameter:*

1. Varierte arbeidsmåtar og relevant digital kompetanse skal prioriterast i alle utdanningar. Vi skal ha eit medvite forhold til kva som er gode og relevante undervisningsformer, og legge vekt på variasjon og studentaktive arbeidsmåtar.
2. Studentmedverknad skal styrkast gjennom betre involvering av studentane i arbeidet med studiekvalitet. Vi skal arbeide med å gjere kvalitetssystemet betre kjent og meir aktivt brukt blant studentar og tilsette. Både studentar og tilsette skal få betre opplæring i kvalitetssystemet.
3. Læringsmiljøet skal prioriterast når vi gjennomfører campusutviklingsplanane. Vi skal prioritere areal for trivsel og læring i tråd med prinsippa i campusutviklingsplanen frå 2020.

#### *Mål 2: Ein fagleg sterk høgskule*

Høgskulen i Volda vil i perioden arbeide vidare for å heve kompetansen til den einskilde tilsette og til det samla fagmiljøet, og samtidig styrke Høgskulen som ein attraktiv og utviklande studiestad prega av ein delingskultur og tilrettelegging for tverrfaglege samarbeid.

##### *Styringsparameter:*

1. Høgskulepedagogiske tilbod skal vidareførast og vidareutviklast. Vi skal syte for at tilsette har god tilgang på FoU-ressursar og støtteordningar til fagleg utvikling, og prioritere internasjonalt samarbeid.
2. Høgskulen skal lage ein kompetanseutviklingsplan og ta den i bruk som eit viktig strategisk verktøy i rekruttering og intern kompetanseutvikling.
3. Vi vil synleggjere vår fagkompetanse og styrke det tverrfaglege samarbeidet gjennom betre ekstern og intern kommunikasjon, og vil lage ein kommunikasjonsplan for å oppnå dette.

### *Mål 3: Ein kompetent region*

Høgskulen i Volda vil i perioden forsterke og utvide samarbeidet med regionale aktørar for å styrke den samla kompetansen i vår region, særleg Møre og Romsdal. Bakgrunnen er at fylket har få med lang høgre utdanning og få med forskarutdanning samanlikna med andre fylke.

#### *Styringsparameter:*

1. Vi skal arbeide for å oppnå akkreditering av ein ny ph.d. som gjer oss sjølvakkrediterande på lærarutdanningane.
2. Vi skal bidra til å etablere Norsk Innovasjonssenter i Volda som ein møteplass for arbeidslivet og studentar og fagfolk ved Høgskulen. Gjennom innovasjon og samskaping, særleg med regionale aktørar, vil vi styrke vår arbeidslivsrelevans.
3. Vi skal bli meir praksisnære, og auke omfang og ambisjonsnivå på fagleg utvikling og forsking i samarbeid med praksisfeltet.
4. Berekraft skal prioriterast både i utdanning, forsking, utvikling og drift.